**Barnas kulturmønstring - BKM - 2013**
**Sjøholt skule 16. og 17. mars**
**Utstilling frå kl. 12**
**Sceneinnslag frå kl. 13**

Det er igjen tid for Barnas kulturmønstring. Det er sjuande gongen vi arrangerer dette tiltaket. Etter kvart har arrangementet fått ei fastare form. Kort oppsummert er den no slik:

Utstillingar av ulike elevarbeid av klassar, grupper, barnehagar og kulturskule.
Alle skulane og barnehagane er representerte.
Utstillingsområda er merka.

Ørskog skulekorps vil ha kafédrift begge dagane. Dette finn ein i 2. etg. i hovudbygninga, skulekjøkkenet og handarbeidsrom.

Alle sceneinnslag vil finne stad på musikkrommet. Vi organiserer dei då i bolkar slik at kvar bolk startar kvar heile time, dvs. kl. 13, 14 og 15.

I store trekk ser programmet for sceneinnslag slik ut:
Laurdag: Elevar frå kulturskulen (Gitar, ukulele, slagverk, piano, fiolin) og eit nystarta band.
Desse blir fordelte med start kl. 13 og 14. (så langt er det ingen innslag som startar kl. 15)

Søndag:
kl. 13 - teater (kulturskulen)
kl. 14 - messing, song (kulturskulen) og SFO-koret
kl. 15 - Ørskog skulekorps.

Alle elevar i kulturskulen skal ha fått melding frå læraren sin om frammøtetider.
Det vil bli utarbeid eit eige programhefte for mønstringa.

Vi har oppretta ein nettstad der ein kan finne ulike opplysningar. Mange av dei meldingane som har gått ut til elevar vil ein finne her for nedlasting.

http://orskog.pedit.no/bkm

Vi voner flest mogleg vil ta seg tida, ein eller begge dagane, for å oppleve barnekulturen i Ørskog. Samtidig er dette også eit godt høve til å sjå seg om på Sjøholt skule, studere gamle klassebilete, få seg ein kaffekopp og eit kakestykke og slå av ein prat med kjente.

Ver velkomne!

Helsing

Gaute Aamlid
Rektor - Ørskog kulturskule